


# ELEKTRONISK SKOLESKYSSKORT

Informasjon til elever og føresette



## Korleis brukar eg kortet?

- Du kan berre bruke kortet mellom heim og skole.
- Du skal registrere kortet i billettmaskina hos sjåføren kvar gong du går på bussen.
- Kortet fungerer som ein billett med to reiser kvar dag, inkludert overgang. Ei reise til og ei frå skolen.
- Du kan ikkje bruke kortet i samband med ekskursjonar, utplassering eller andre aktivitetar i skoletida.
- Gjeld berre på dagar med undervisning på skolen.
- Kortet inneheld opplysningar om strekning og reisetid som berre gjeld deg personleg.
- Det er ikkje lov å låne kortet ut til andre.





## Ta vare på kortet

Du skal bruke kortet alle åra du går på skole og har rett til fri skoleskyss. Så ta godt vare på kortet!

For at kortet skal virke som det skal, er det viktig at du ikkje:

- lagar hol eller klipper i kortet.
- vaskar kortet i vaskemaskina.
- bøyer eller brettar kortet.



## Mista eller øydelagt kort?

Dersom skoleskysskortet blir øydelagt, du mistar det eller det har teknisk feil, må du ta kontakt med skolen.

- Du må sjølv betale for å få erstatta mista eller øydelagt kort.
- Kort som kjem til rette, skal du levere til skolen.
- Skolen vil bestille eit nytt kort.
- Kort med teknisk feil blir erstatta utan kostnad.

*Misbruk av kortet eller sniking på bussen/båten kan medføre gebyr. Kontrollar blir gjennomført.*

## Gløymt kortet?

### Elevar i grunnskolen:

Du får vere med om morgonen, sjølv om du har gløymt skoleskysskortet. Ta kontakt med skolen for å få eit midlertidig kort til heimreisa.

### Elevar på vidaregåande:

Du får vere med om morgonen, sjølv om du har gløymt skoleskysskortet. Du må sjølv ta kontakt med skolen for å få eit midlertidig kort til heimreisa. *Utan kort må du betale for heimreisa sjølv.*

1

Du skal bruke kortet alle åra du går på skole, så lenge du har rett til fri skoleskyss.

2

Hugs skoleskysskortet kvar dag!

3

Du må registrere kortet i billettmaskina kvar gong du går om bord i busse/båten

### Spørsmål om skoleskyss?

[www.mrfylke.no/skoleskyss](http://www.mrfylke.no/skoleskyss)

---

### Kontakt oss

E-post: [framskoleskyss@mrfylke.no](mailto:framskoleskyss@mrfylke.no)